

Fra: Konstantinos Drakos <Konstantinos.Drakos@nettbuss.no>
Sendt: 9. september 2014 12:34
Til: Solund Postmottak
Emne: Innspel til ruteplanar.

Innspel til ruteplanarbeid.

Etter nedlegging av ytre solund skule har vi i Nettbuss køyrt samanhengande skulerute mellom ytre Sula og Hardbakke. Dette medfører at vi må over med ferge 4 gonger dagleg. Bussrutene er tilpassa fergerutene og omvendt til ein viss grad. Men på ettermiddag er det ynskje frå bussjåførane om ei endring av rute frå Haldorsneset.

Ruta dette gjeld er avgangen kl 15.00 frå Haldorsneset. Det er ynskjeleg at den blir flytta til 15.20, noke som vil vere betre tilpassa vår retur frå Ytre Sula etter skulerutekøyring. Dette har frå sjåførane si side vore diskutert med mannskap på M/F Nårasund, der det kjem fram at ei slik endring av ruta ikkje vil ha nokon betydning for dei, ettersom dette ikkje er gjennomgangsrute. Det vil heller ikkje påverke noken form for korrespondanse til evt. Arrangement på Hardbakke so langt vi har forstått. Dette ville vere positivt for og unngå ein del ekstra venting for oss bussjåførar dei fleste dagar.

Sidan dette er ei ruteendring som mannskap på M/F Nårasund er positive til, og som ikkje vil ha noko form for økonomisk betydning, so håpar vi den lar seg gjennomføre.

Nettbuss har og på oppdrag frå Posten henting av post frå Ytre Sula til Krakhella. I dag går ferga 14.00 frå Haldorsneset, og er på Daløy ca. 14.10. Vi nyttar pr.idag bil/minibuss til og hente posten, og overføre den til skulebuss frå Hardbakke til Krakhella som har avgang kl 14.25 frå Hardbakke Skule. Dette har vist seg og vere knapp tid, særskilt på vinterstid, noke som har medført at skulebuss har måtte vente på postrute. Dette forplantar seg til at skulebussen får dårlegare tid til og rekke ferga på Krakhella, som frå før har knapp rutetid dei skal halde. Ynskjeleg var det at ruta kunne vore endra til 13.50 frå Haldorsneset med ankomst 14.00 Daløy.

Dette har og vore diskutert med mannskap på M/F Nårasund som påpeikar at dette er ei gjennomgangsrute og at ei endring her vil få som konsekvens med lengre ventetid for gjennomgangsreisande på Krakhella. Likevel ville ei sånn endring vere av stor betydning for oss sjåførar i kvardagen for og sleppe stressande køyring for og nå skulebussen på Hardbakke.

Med vennleg helsing

Helge V. Engdal
avd.leiar
Nettbuss Sør, avd. Solund.